6

# Årsoppgjør 2015
# for

# Nordhordland Industriservice AS

Foretaksnr. 929200764

**Helge Frosta AS**
*Statsautorisert revisjonsselskap*
*Medlem av Den norske Revisorforening*

Tlf 920 96 208
Faks 55 29 74 40

Postboks 118, sentrum
5804Bergen

Revisor@helgefrosta.no

Org.nr 985 344 566MVA

Til generalforsamlinga selskapet.

# Melding frå revisor

## Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for **NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE AS**, som er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap som viser eit underskot på kr 923 146 for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapeslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misle framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen. Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til selskapet per 31. desember, og av resultata for rekneskapsåret som var avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god regnskapsskikk i Noreg.

**Helge Frosta AS**
*Statsautorisert revisjonsselskap*
*Medlem av Den norske Revisorforening*

*Tlf* 920 96 208
*Faks* 55 29 74 40

*Postboks 118, sentrum*
*5804Bergen*

*Revisor@helgefrosta.no*

*Org.nr 985 344 566MVA*

**Fråsegn om andre tilhøve**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget om dekning av underskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjon standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 16.02.2016

Helge Frosta
Statsautorisert revisor

Nordhordland Industriservice a.s

## STYRETS ÅRSBERETNING FOR 2015

### Verksemda

Nordhordland Industriservice as er ei arbeidsmarknadsbedrift som har som hovudoppgåve attføring av yrkeshemma. Selskapet held til i eige bygg på Olsvollstranda i Radøy kommune (produksjonsavdeling), og har i tillegg avdelinga Back to Business i leigde lokale i Eidsvåg, Bergen kommune.

Produksjonsavdelinga på Olsvollstranda tar i mot deltakarar innanfor tiltaka avklaring i skjerma virksomhet, Arbeidspraksis i skjerma virksomhet (APS), Kvalifisering i arbeidsmarkedsbedrift og Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarkedsbedrift. Her får deltakarane tilbod om opplæring og arbeidsutprøving i mekanisk industriproduksjon etter profesjonelle krav og med høg kvalitet. Ved avdeling Back to Business vert tiltaka Avklaring ordinær (anbud) og Arbeid med bistand drifta. Verksemda sine ulike tiltak dekker store delar av Hordaland. Blant personalet er det eit høgt kompetansenivå og god breidde i kunnskap og erfaring.

2015 har vore eit år med stor gjennomstrømming i tiltaka ved avdeling Back to Business. Ved avdeling produksjon Olsvollstranda er det også i 2015 satt fokus på drift i verkstaden; dette gjeld både produksjon og innhald i tiltaka. Ein ser at for mykje fokus på produksjon kan gå ut over det tilbodet vi som attføringsbedrift skal gi den einskilde deltakar. Dette er ein balansegang, og noko vi heile tida må vere bevisste på. Det er eit mål å fylle dei 10 APS-plassane som er lagt til produksjonsavdelinga samt å gi god opplæring til desse og til dei som har eit lengre læreløp som CNC-operatør gjennom kvalifiseringstiltaket og som ordinære lærlingar. Vi har i 2015 jobba med å effektivisere drift og sjå på nye produksjonsområde. Dette held fram i 2016.

Eigarane av verksemda vedtok i generalforsamlinga i 2015 at ein skulle inngå intensjonsavtale om samanslåing med MAKS innan 01.08.2016, og det har utover hausten 2015 vore felles møter og samlingar for å kunne danna ein god fusjon mellom bedriftene.

For å kunne møte dei nye tidene i bransjen med blant anna anbodsutsette tiltak, inngikk verksemda samarbeid om levering av anbod avklaring med Fretex og Trigger. Pr. desmeber 2015 har denne konstellasjonen vunne anbodet for tenesteområdene Nordhordland, Askøy-Sund-Fjell-Øygarden og Sunnhordland. Dei resterande områda i Hordaland er pr. januar 2016 ikkje ferdig behandla.

### Framleis drift

Oppfatninga til styret er at resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande noter gir eit rettvisande uttrykk for resultatet i 2015 og den økonomiske stillinga ved årsskiftet.

Utover det som går fram av årsoppgjeret, kjenner ikkje styret til andre forhold vedrørande drifta av selskapet som skulle vore tatt med i rekneskapen.

Etter utgongen av rekneskapsåret har det ikkje inntruffe forhold det ikkje er tatt omsyn til i årsoppgjeret og som er viktige for å seie noko om verksemda sitt resultat og stilling.

Det vil aktivt bli arbeida for å sikre inntening og arbeid gjennom å vidareutvikle eksisterande driftsområde og ved å utvikle andre driftsområde.

Føresetnad for framleis drift er tilstade, og årsrekneskapen er sett opp på denne bakgrunn.

## Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Nordhordland Industriservice har pr. 31.12.2015 23 ordinært tilsette der alle er heiltidsstillingar. Nokre av desse stillingane er korttidsengasjement. I tillegg til dei ordinære stillingane kjem personell som er på lærekontrakt samt personell i tiltak som er lønna av Nordhordland Industriservice.

Nordhordland Industriservice skal vere ein arbeidsplass der den einskilde skal finne seg til rette i eit godt arbeidsmiljø prega av likeverd, mangfald, openheit og toleranse. Ein dokumentert kvalitetspolitikk og stadig forbetring av varer og tenester skal gje grunnlag for ein trygg arbeidsplass og fornøgde medarbeidarar, brukarar og kundar. Kontinuerleg forbetring, kvalitet, innovasjon og rapportering av ønska og uønska hendigar er tema på leiar-, personal- og driftsmøte.

Nordhordland Industriservice har ein filosofi om null skader på menneske, miljø og materiell. Alle skader skal kunne førebyggjast gjennom eit systematisk HMS-arbeid. Det har ikkje vore alvorlege ulukker i verksemda i 2015.

Verksemda er ein IA-bedrift og er også knytt til eigen bedriftshelseteneste. Det vert ført statistikk over alt fråvær. Verksemda har i 2015 hatt eit totalt sjukefråvær på 5,61 % (66 personar er med i denne statistikken).

## Miljørapportering

Produksjonen ved dei ulike einingane har ubetydeleg påverknad av ytre miljø. Verksemda har etablert kildesortering på matavfall, metall, papir og plast ved produksjonsavdelinga på Olsvollstranda, og det er sortering av papir ved eininga i Eidsvåg. Alle skal vere bevisst dei konsekvensane eigen åtferd og avgjerd kan ha for miljøet, og miljøvurderingar- og kostnadar skal inkluderast i avgjerder gjort av selskapet.

## Likestilling

Ved Nordhordland Industriservice skal det råde full likestilling mellom kvinner og menn. Ved tilsetjing er det fagleg bakgrunn, personlege eigenskapar og erfaring som skal leggjast til grunn. Ingen skal diskriminerast grunna alder, funksjonshemming, kjønn, rase, religion eller seksuell legning.

Styret har hatt 3 kvinnelege medlem i 2015. Kvinneandelen blant dei i ordinære stillingar i bedrifta er om lag 43%. det er i tillegg kvinner tilsett i dei lønna tiltaka og som lærlingar.

## Aksjeeigarforhold

Nordhordland Industriservice er organisert som eit aksjeselskap der Hordaland Fylkeskommune og 6 Nordhordlandskommunar til saman eig om lag 79% av aksjane. Dei resterande aksjonærane er Sparebanken Vest, Norsk Hydro, Frank Mohn Flatøy, Statoil Mongstad, Nordhordland Handverk og Industrilag samt advokat Olav Jordal.
Selskapet sin aksjekapital er på kr 565 000,- fordelt på 1 130 aksjar pålydande kr 500,-. Styret sitt arbeid i 2015
I 2015 har det vore gjennomført 7 ordinære styremøte, og det er handsama 50 saker.

# Selskapet si stilling og framtidsutsikter

Slik det går fram av rekneskapen, er drifta av verksemda basert på offentlege tilskot og eigen inntening i form av sal av produkt.

Ved avdeling Back to Business vil første halvår 2016 bli drifta slik det er blitt i 2015. Vi har framleis tiltaka Arbeid med Bistand og Avklaring (anbod) fram til vi får ei oppseiing frå NAV. Vi har vunne anbod og venter framleis på avklaring av det resterande i anbodet. Samstundes er det viktig å sjå på andre område der verksemda sin kompetanse kan brukast og der vi ikkje er avhengig av inntekt frå NAV.

Ved produksjonsavdelinga har verksemda gjennom 2015 merka dei kutta som har vore i industrien ved at våre oppdragsgivarar har mindre ordre, eller dei tar dette sjølv. Grunna underprising frå andre leverandørar mister vi også jobbar vi har hatt. Særleg på slutten av 2015 har dette vore ein tendens som har gått i vår disfavør. Vi har likevel framleis produksjon som går til Rolls Royce (Brattvåg og Polen), Frank Mohn (Fusa) og Frekhaug Stål. Det er brukt tid til å komme i kontakt og få oppdrag for andre og nye leverandørar, og dette har gitt oss ein del mindre leveransar. Avdelinga sine mål for 2016 er auka omsetning, reduserte kostnadar og effektivisering i arbeidsprosessane.

Verksemda er no inne i ein fusjonsprosess, og framtidsutsiktene positive. Omstilling set derimot krav til oss alle, og det er viktig at dagens arbeid går sin gang, sjølv i omstillingstider.

Olosvollstranda ~~9.~~ 16. februar 2016

Morgan Taule
Styreleiar

Eldbjørg Valle
Nestleiar

Nina Bognøy
Styremedlem

Ragnar Bratland
Styremedlem

Svein Arne Dale
Styremedlem

Helge Dyrkolbotn
Styremedlem

Solveig Lerøy
Styremedlem

~~Vibeke Prestmo Valestrand~~??
Dagleg leiar

Radøyvegen 715, 5938 Sæbøvågen – tlf: 56 34 97 70 – www.nis-amb.no

# Resultatregnskap

| | Note | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Inntekter | 1,2 | 7 439 092 | 8 081 027 |
| Annen driftsinntekt | | 16 609 226 | 14 866 509 |
| **Sum driftsinntekter** | | **24 048 319** | **22 947 536** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Varekostnad | | 1 503 547 | 1 808 756 |
| Lønnskostnad | 3 | 17 728 610 | 16 392 163 |
| Avskrivning på varige driftsmidler | 4 | 691 615 | 706 011 |
| Annen driftskostnad | 3 | 5 108 822 | 4 220 938 |
| **Sum driftskostnader** | | **25 032 594** | **23 127 868** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **(984 276)** | **(180 333)** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | 59 466 | 96 747 |
| Annen finansinntekt | | 4 279 | 0 |
| **Sum finansinntekter** | | **63 745** | **96 747** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen rentekostnad | | 2 615 | 915 |
| **Sum finanskostnader** | | **2 615** | **915** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **61 130** | **95 832** |
| **ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD** | | **(923 146)** | **(84 501)** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | 0 | 0 |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **(923 146)** | **(84 501)** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **(923 146)** | **(84 501)** |
| **OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | (923 146) | (84 501) |
| **SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | **(923 146)** | **(84 501)** |

# Balanse pr. 31.12.2015

| | Note | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 4 | 3 194 622 | 3 340 422 |
| Maskiner og anlegg | 4 | 23 059 | 40 385 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | 4 | 1 385 711 | 1 754 201 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **4 603 393** | **5 135 008** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **4 603 393** | **5 135 008** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Varer | 5 | 965 793 | 810 169 |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 6 | 3 208 092 | 2 214 121 |
| Andre fordringer | | 261 627 | 238 333 |
| **Sum fordringer** | | **3 469 719** | **2 452 454** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 4 321 830 | 5 753 061 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **8 757 342** | **9 015 684** |
| **SUM EIENDELER** | | **13 360 735** | **14 150 693** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 7 | 565 000 | 565 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **565 000** | **565 000** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 9 451 182 | 10 374 327 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **9 451 182** | **10 374 327** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **10 016 182** | **10 939 327** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 516 750 | 556 873 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 1 284 954 | 1 147 458 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 1 542 849 | 1 507 035 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **3 344 553** | **3 211 365** |
| **SUM GJELD** | | **3 344 553** | **3 211 365** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **13 360 735** | **14 150 693** |

Nordhordland Industriservice AS

# Balanse pr. 31.12.2015

| | Note | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|---|---|---|

Olsvollstranda, 16.02.2016

Morgan Taule
Styreleder

Eldbjørg Valle
Nestleder

Ragnar Bratland
Styremedlem

Helge Dyrkolbotn
Styremedlem

Nina Bognøy
Styremedlem

Svein Arne Dale
Styremedlem

Solveig Helleland Lerøy
Styremedlem

Vibeke Prestmo Valestrand
Daglig leder

# Noter 2015

## Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kap. 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kap. 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv).

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Selskapet driver ikke skattepliktig virksomhet. Det er derfor ikke beregnet skattekostnad, betalt skatt og utsatt skatt.

## Note 2 - Annen driftsinntekt

Inntekter består av:

| Tekst/År: | **I år** | **I fjor** |
|---|---|---|
| Salg, utleie, kurs | 6 831 638 | 7 800 211 |
| Attføringstilskudd | 16 609 224 | 14 866 509 |
| Kantine, lærlinger, leieinntekter mm | 607 457 | 280 816 |
| Sum | **24 048 319** | **22 947 536** |

## Note 3 - Lønnskostnad

| | **I år** | **I fjor** |
|---|---|---|
| Lønn | 14 051 178 | 13 374 160 |
| Arbeidsgiveravgift | 2 135 284 | 1 939 509 |
| Pensjonskostnader | 0 | 427 713 |
| Andre lønnsrelaterte ytelser | 1 542 148 | 650 781 |
| **Totalt** | **17 728 610** | **16 392 163** |

Refusjon sykelønn utgjør kr 626 871.

# Noter 2015

Utbetalinger til ledende ansatte og revisor:

Lønn og annen godtgjørelse til daglig leder er utbetalt med kr 592 183

| | |
|---|---|
| Styremedlemmer | 120 000 |
| Tall på ansatte , inkl tiltaksplasser | 46 |

Selskapet har to pensjonsordninger:

Pr 31.12.2015 er alle ansatte i innskuddsbasert pensjonsordning.

Det er ikke foretatt aktuarberegning og foretas ingen avsetning i regnskapet (balanseføring) av pensjonsmidler/forpliktelser. Premiebetaling kostnadsføres løpende.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 64 625, herav øvrige tjenesterutgjør kr 20 000.

## Note 4 - Avskrivning på varige driftsmidler

| | Tomter, bygninger og annen fast eiendom | Maskiner og anlegg | Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost pr. 1/1 | 7 286 250 | 234 439 | 10 579 601 | 18 100 290 |
| + Tilgang | 0 | 0 | 160 000 | 160 000 |
| - Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 |

# Noter 2015

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost pr. 31/12 | 7 286 250 | 234 439 | 10 739 601 | 18 260 290 |
| Akk. av/nedskr. pr 1/1 | 3 945 829 | 194 054 | 8 825 401 | 12 965 285 |
| + Ordinære avskrivninger | 145 800 | 17 326 | 528 490 | 691 615 |
| + Avskr. på oppskrivning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| - Tilbakeført avskrivning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| + Ekstraord nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Akk. av/nedskr. pr. 31/12 | 4 091 629 | 211 380 | 9 353 890 | 13 656 900 |
| Balanseført verdi pr 31/12 | 3 194 621 | 23 059 | 1 385 711 | 4 603 391 |
| Prosentsats for ord.avskr | 2-2 | 10-20 | 10-33 | |

## Note 5 - Varer

Råvarer er vurdert til kostpris. Varer i arbeid og ferdigvarer er vurdert til salgsverdi, minus 15-20%. Ukurante varer er bokført til virkelig verdi.

## Note 6 - Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til laveste av pålydende og virkelig verdi.

## Note 7 - Selskapskapital

Selskapet sin aksjekapital er på kr 565 000 fordelt på 1 130 aksjer pålydende 500 kr.

Selskapets aksjonærer pr 31.12:

| Navn | Antall aksjer | Prosent |
|---|---|---|
| Lindås kommune | 300 | 26,5% |
| Hordaland fylkeskommune | 200 | 17,7% |
| Radøy kommune | 131 | 11,6% |
| Meland kommune | 105 | 9,3% |
| Sparebanken Vest | 100 | 8,8% |
| Austrheim kommune | 77 | 6,8% |
| Masfjorden kommune | 57 | 5,0% |
| Norsk Hydro | 50 | 4,4% |
| Frank Mohn Flatøy AS | 50 | 4,4% |
| Statiol Mongstad | 30 | 2,7% |
| Fedje kommune | 26 | 2,3% |
| Adv Olav Jordal (døde i 2008) | 2 | 0,2% |
| Nordhordl Handv%Industrilag | 2 | 0,2% |
| Sum | 1 130 | 100,0% |